



Rolf Hamn
Sundet
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/414 - 23/9065

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
02.02.2023

Søknaden om oppføring av naust vert avvist- gbnr 134/239 Hilland

Administrativt vedtak:	Saknr: 117/23
Tiltakshavar:	Dag Inge Mehl
Ansvarleg søkjar:	Rolf Hamn
Søknadstype:	Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4, vert søknad om oppføring av naust, kai og båtslipp på gbnr 134/239 avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av naust, båtslipp og kai på eigedomen gbnr 134/239 Hilland. Naustet har eit bygd areal opplyst til 39 m og kaien ein storleik opplyst til 3 x 2 meter.


Det vert elles vist til søknad mottatt 12.01.2023.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen er avsett til byggeområde for fritidsbustadar. (Det mørkare markerte området

nordvest for eiegenomen er avsett til naustområde.) Området i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag.

Situasjonsplan og plankart



VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Tiltaket er i strid med plangrunnlaget.
Tiltaket er ikkje i samsvar med verken arealføremålet på land (jf. føresegn 3.1.2) eller i sjø (jf. føresegn 3.5.1) og det vil vera nødvendig å søkja om dispensasjon frå desse. I tillegg må det søkjast om dispensasjon frå byggjegrensa mot sjø og det generelle plankravet som ligg til byggeområda.
2. Kart og teikningar
Båtslipp må førast på situasjonsplanen. Alle tiltak må målsetjast med ytre hovudmål og avstand til nabogrense må gjevast opp. Det må sendast inn målsette teikningar av kai og båtslipp. Mottatte teikningar med terrengprofil må påførast kotehøgder.
3. Parkeringsplass og vegrett
Det går fram av føresegn 2.6.5 i kommunedelplanen at naust på eige gards- og bruksnummer skal ha 1 parkeringsplass i gangavstand til naustet (dvs. normalt 500 meter frå naustet). Parkeringsplass og tilkomst må dokumenterast. Parkering og tilkomst via sjø vil også krevja at det vert søkt om dispensasjon.
4. Trygg byggegrunn
Det går fram av både føresegna til kommunedelplanen og plan- og bygningslova at planlegging av tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand i sjø og vassdrag. Bygning som ikkje er sikra mot flo skal som hovudregel plasserast 2,5 meter over 0-vasstand, jf. føresegn 2.6.3. Det må gjerast greie for forholdet.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til behandling, jf. pbl. § 21-2 og SAK § 5-4. Søknaden vert derfor avvist.

Dersom de vil senda inn ny søknad må de leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon. Då det aktuelle tiltaket er i strid med plangrunnlaget på fleire punkt tilrår vi at det i første omgang berre vert søkt om dispensasjon. Vi gjer merksam at kommunen på dette tidspunkt ikkje kan seia noko om utfallet av ein søknad om

dispensasjon. Det forhold at eit tiltak er i strid med gjeldande plangrunnlag på fleire punkt kan tala for at tiltaket heller bør avklarast på plannivå enn gjennom ein dispensasjon.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Dag Inge Mehl	Mangerbua 29	5911	ALVERSUND
---------------	--------------	------	-----------

Mottakarar:

Rolf Hamn	Sundet	5918	FREKHAUG
-----------	--------	------	----------